Tolegrenseanalyse for Sognefjorden- Behov for meir besøksforvaltning også utanfor nasjonalparkane?

20.10.2026

Kristin Løseth

Vestlandsforsking

www.reiselivssenter.no

VESTLANDSFORSKING

Kunnskapssenter for berekraftig reiseliv

Reiseliv – ei næring i vekst


- 2025: Rekordstor vekst i alle deler av norsk reiseliv
- Gjeld ikkje alle kommunar i Sogn
- Veksten er forventa å fortsetje. Det betyr:

  - Auka inntekter og fleire arbeidsplassar

  - Utfordringane me ser i dag vil auke, og me vil få nye



Figur 4: Faktisk og estimert omsetning for norsk reiselivsnæring fra 2019 til 2030. Årlig omsetningsvekst på høyre akse. Faste 2023-kroner. Kilde: Menon Economics




VESTLANDSFORSKING

Reiselivet i Sogn – kven er gjesten?

- Kor mange?
  - 1,4 millionar gjestedøger, 347 000 cruisepassasjerar
- *Korleis overnattar dei?*
  - *Flest campinggjester*
- *Kvar i frå?*
  - *Ca. 60 % er utanlandske turistar*
  - *Nærmarknadane, og noko oversjøiske marknadar*
- Kva tid?
  - 90% sommarturisme

Ref: *Menon, 2023*


Tilreisende fordelt på segment i 2023. *Kilde: SSB, AirDNA og Kystdatahuset*



VESTLANDSFORSKING


Toleevne

- Omgrep henta frå økologien
- Fleire dimensjonar der dei ulike grensene vanskeleg kan haldast opp mot kvarandre
- Kunnskapsgrunnlag
- Verdispørsmål



Tolegrenser og metodiske val

- Utslepp frå cruise (bruk av MarU modellen)
- Utslepp frå vegtrafikk (ÅDT)
- Korleis kjem folk til Sogn?



- Innbyggarundersøkingar Luster, Aurland og Vik (2025)
- Visit Sognefjord innbyggarundersøkingar i øvrige sognekommunar (2025)

- Innbyggarundersøkingar
- Statens vegvesen (vegbreidde)
- Tal besøkande på attraksjonar
- Infrastruktur i natur/ langs stiar

- "Reiselivet i Sognefjorden" (2025)
- Hotell og campingundersøking (2025)
- Enkel verdiskapingsanalyse for hytte/ feriebustader
- Innbyggarundersøkingar i Sogn (2025)

- Hamne- og farvannsloven
- Nullutsleppskrav i verdsarvfjorden
- Allemannsretten
- Plan- og bygningsloven, arealplan
- Buplikt





VESTLANDSFORSKING

VF-notat nr. 1-2025

Spor.

Nærøyfjorden som opplevingsarena i naturbasert reiseliv



VESTLANDSFORSKING

VF-notat nr. 2-2025

Spor.

Toleevneanalyse for fire populære turmål i Sogn

VF-rapport nr. 9-2025

Moglegheitsstudie og tolegrenseanalyse for Sognefjorden

–eit oppdrag frå Sognarådet

Kristin Løseth, Agnes Brudvik Engeset, Alexandra Meyer, Carlo Aall, Bror K.R. Tandberg (Vestlandsforsking), Jan Ketil Rød (Norsk Institutt for naturforskning), Haaken Christensen og Trygve Sunde Kolderup (Spor)

VESTLANDSFORSKING







VESTLANDSFORSKING

VF-rapport nr. 1-2026

Innbyggarundersøking om reiseliv i Luster, med særskilt fokus på cruisetrafikken

Agnes Brudvik Engeset, Kristin Løseth og Alexandra Meyer

VF-rapport nr. 3-2026

Innbyggarundersøking om reiseliv i Aurland kommune

Kristin Løseth og Agnes Brudvik Engeset

VF-rapport nr. 4-2026

Innbyggarundersøking om cruiseturisme i Vik kommune

Kristin Løseth og Agnes Brudvik Engeset

Besøksforvaltning

«besøksforvaltning innebærer å arbeide for å forebygge og unngå uønskede konsekvenser av besøk på naturmiljø, kulturmiljø og/eller lokalsamfunn og samtidig øke den sosiale, kulturelle, økonomiske og miljømessige verdiskapingen av besøk»(s.72)



Funn som kan vere relevante frå Moglegheitsstudie og toleevneanalyse Sognefjord

- Store delar av regionen ynskjer fleire turistar. Veksten i reiselivet gjev gode mulegheiter!
- Veksten er ujamn. Der volumet i små bygder er stort blir utfordringane for kommunane komplekse
- Felles utfordringar i pressområde: Mykje trafikk på smale vegar, auke i villcamping, auke i Airbnb/ press i bustadmarknaden, opplevd trengsel knytt til cruisetrafikk.



Relevante funn frå Moglegheitsstudie og toleevneanalyse Sognefjord




- Stor variasjon i verdiskaping frå cruise. Det tek tid å bygge opp lokale tilbod og utflukter som gjev gode inntekter.
- Belastning frå cruise handlar om både størrelse på skip, tal anløp og fysisk utforming i gåavstand frå hamna. Det har vorte fleire store skip dei siste åra.
- Samtidig: Skal ein auke lokal verdiskaping frå cruise krev det eit visst tal anløp og føreseieleg trafikk.

Inntekter frå cruise

- Hamneinntekter
  - Heng mellom anna saman med type hamn, sal av tenester, kor store skipa er og tal passasjerar

- Kva påverkar lokal verdiskaping?
  - Tilrettelegging, sal og marknadsføring, tilgjengelege produkt og opplevingar (Madsen mfl, 2017).
  - Liggetid, reiserute, cruisesegment (Walnum mfl, 2019).


Havners inntekter i forbindelse med cruiseanløp i 2023. ***Kilde: Flåm havn, Skjolden havn, Vik havn (Sogn) og Norsk Bremuseum .***




Kjelde: Menon Economics (2025): Figur s 9. Statistikken er basert på Innovasjon Norge si turistundersøking og TØI; SSB sin overnattingsstatistikk og satelittreknskap og Menon sin reknskapsdatabase.

Inntekter frå reiseliv (2023 tal) – store variasjonar i regionen

Omsetning per reiselivsbransje i Sognefjorden i 2023 fordelt på kommune. *Kilde: Menon Economics*






VESTLANDSFORSKING

Kjelde: Menon Economics (2025): Figur s 9. Statistikken er basert på Innovasjon Norge si turistundersøking og TØI; SSB sin overnattingsstatistikk og satelittreknskap og Menon sin reknskapsdatabase.

Infrastruktur


Handlar i stor grad om to utfordringar:

- Smale vegar
- Små bygder med periodevis høgt besøkstrykk



Aukande trafikk langs smale vegar

- Store attraksjonar og cruisehamner omkransa av smale vegar
- Innbyggarundersøking Luster: 79 % meiner det er for mykje trafikk langs smale vegar
- Frustrasjon, men og trafikkfare og utfordring for beredskap



Nokre dilemma når det gjeld infrastruktur

- Kven og kor mange skal me legge til rette for?
- Kva skjer nå me tilrettelegg meir?
- Kven skal tilrettelegge og vedlikehalde fellesgoda?
- Korleis bør begrensa areal nyttast best?

"Ein må leggje til rette innanfor rammene til ei lita bygd. Ikkje etter kor mange som ynskjer å kome, for det kan alltids kome fleire og fleire og fleire. Det har me alt erfart" (innbyggjar i Aurland)

Infrastruktur langs populære stiar

Bakgrunn:

- Fleire til norsk natur, meir ferdsel
- Villare og vårate ver
- Fleire uerfarne brukarar enn før med forventning om høg grad av tilrettelegging

- Molden, Vindhellavegen, Vettisfossen og Prest
- Sett på ferdselsproblematikk, slitasje og moglege behov for tilrettelegging og førebygging
- Turmåla har nokre like og nokre ulike utfordringar. Har overføringsverdi til andre turmål



VESTLANDSFORSKING

Infrastruktur langs populære stiar: Kva kan gjerast for å styrke handteringsevna til turmåla?

Døme: Prest

Populært turmål med lita tilrettelegginga. Store toalett- og parkeringsutfordringar.

Ingen informasjonstavler eller skilting. Grunneigarlaget meiner det er for mange besøkande i dag. Likevel marknadsførast turen – dels som krevjande og dels som ein topptur for heile familien.



Døme på anbefalingar:

-Betre merking og skilting vil kunne ha ein kanaliserande effekt og redusere slitasjeproblematikk.

-Kommunen bør ta initiativ til eit felles, fysisk møte for å diskutere utfordringane på Prest.

-Vurdere restriksjon mot nattparkering

-Vurdere vertskap/turistvertar på parkeringsplassen i sommarsesongen og på populære utfartsdagar

Tiltak
- Kanalisering av ferdsel
- Ansvarleg marknadsføring og formidling
- Styrking av infrastruktur og
- Betre samarbeid om å legge til rette for ferdsel

Tiltak infrastruktur

- Strakstiltak og langsiktige tiltak
- Kombinasjon av mjuke og harde verkemiddel
- Infrastruktur må i større grad vurderast før ein set i gang større satsingar
- Tilrettelegging kan føre til auka besøk- må tenke på konsekvensar av tilrettelegging
- Tiltaksplanar for kvart enkelt pressområde
- Innføre besøksavgift og/ eller kommunal cruiseavgift i kommunar der utgiftene knytt til til fellesgoder er høge
- Cruisehamner: Finne maksgrenser for tall turistar pr dag eller tal anløp



Endringar i tal turistar pr cruiseanløp i Flåm frå 2019-2024.
Kjelde: Flåm cruisehamn

Sosial tolegrense – innbyggjarperspektivet

- Region med stor variasjon i tal besøkande
- Stolte av Sogn!
- Fleire kommunar, og delar av kommunar, ynskjer fleire besøkande
- Dei største utfordringane knytt til trengsel finn ein i Aurland kommune og i bygdene Skjolden, Fortun og sørsida i Luster, samt Solvorn
- Villcamping og Airbnb skapar og utfordringar i andre bygder




Tiltak sosial tålegrense


- Tiltak på tvers av kommunane når det gjeld t.d villcamping og Airbnb
- Gjennom inkluderande prosessar, utvikle eigne tiltaksplaner tilpassa dei enkelte pressområda
- Tiltak på både kort og lang sikt
- Harde og mjuke tiltak
- Kommunar som opplever vekst bør vurdere eigne reiselivsstrategiar
- Cruisetrafikken kan styrast. Vi anbefaler *å ikkje auke tal anløp eller tal passasjerar pr skip* der utfordringane er størst.
- Tiltaka må og handle om å bygge gode lokalsamfunn
- Satse meir på turistar som blir lengre

Mange dilemma knytt til ei næring i vekst

Omsetning per reiselivsbransje i Sognefjorden i 2023 fordelt på kommune. *Kilde: Menon Economics*



Spørsmål 8: Reiselivet kan by på utfordringar for lokalsamfunn. I kva grad er du einig eller ueinig i følgjande påstandar?



Nokre forslag til tiltak på regionalt nivå

- Styrke samarbeid mellom næring/reisemålsselskap og kommunar/ fylkeskommunar
- Lære av kvarandre- Mykje pilotarbeid, særleg i Aurland kommune, med overføringsverdi
- Regional cruisestrategi og cruiseforum?



Meir besøksforvaltning i kommunar med mykje reiseliv

- Felles forståing og verdigrunnlag
- Forankring i kommunale planar
- Samarbeide på tvers i kommunen
- Lokal reisemålsleiing
- Kommunal besøksforvaltar, evt
- ansvarsområde



VESTLANDSFORSKING

Avslutningsvis

- Forventa vekst- men usikkert kor stor den blir. Kor vil veksten komme i ditt område?
- Kva følger vil veksten få for ditt område når det gjeld tenester, infrastruktur, fellesgode?
- Kva er naturlege arenaer for samarbeid med reiselivsnæringa, kven bør med og korleis kan samarbeidet organiserast?
- Kva kan ein marknadsføre, og er det område eller attraksjonar ein *ikkje* bør marknadsføre?
- Kanskje må ein i større grad tore å styre trafikken- korleis kan det gjerast i praksis?

Takk for merksemda!

Kristin Løseth

Mob: 93426131

E-post: losethkristin@gmail.com

www.vestforsk.no

www.facebook.com/vestforsk

www.linkedin.com/company/732995

https://bsky.app/profile/vestforsk.bsky.social

www.instagram.com/vestforsk/